

- Eg er ingen ironikar

– All ironi er mislukka, seier Einar Økland, som sist veke fekk Gyldendalprisen.

Svein Gjerdåker

svein@dagogtid.no

– Eg vart smigra då dei i grunngevinga for prisen nemner heile forfattarskapen under eitt. For meg er forfattarskapen noko som heng i hop. Eg likar å uttrykkja meg variert, men det er eit poeng at det er same avsendaren, seier Einar Økland, som sist veke fekk Gyldendalprisen og 300.000 kroner.

Einar Økland debuterte i 1963 og har gjeve ut over førti bøker i ulike sjangrar.

– **Kva bør ungdomen byrja å lesa av Økland om dei vil verta kjende med han?**

– Eg likar best dikta mine, og kanskje aller best samlinga *Vandredue* frå 1968. Av romanane *Amatør-album* frå 1969. Det meste av det eg har gjort sidan, kunne ha gått inn i desse to bøkene.

Politisk?

– **Skreiv du politisk litteratur på den tida?**

– Det var politiske ting innimellom.

Det har det vore gjennom heile forfattarskapen.

– **Kva slags opprør var du med på?**

– Eg var ikkje med på noko opprør. Eg ville helst stella med mitt. Kampen for min eigen arbeidsplass har vore det viktigaste. Eg var aldri med i m-l, men eg var med i Fagleg forfatterfront og melde meg ut då foreininga ikkje ville diskutera den viktigaste saka på den tida – EF-spørsmålet.

– **Har du vore ein klassisk, snill SV-ar?**

– Eg har vore meir klassikar enn SV-ar. Eg var partilaus til eg flytte til Stord i 1974. Då gjekk eg inn i SV for å vera aktiv i lokalmiljøet, og eg var fleire år kasserar i lokallaget. Seinare melde eg meg ut med grunngevinga *skam*. Då vart eg oppringd av Erik Solheim og tala lenge med han utan å endra standpunkt. Eg var skamfull over at SV hadde så mange dårlege leiarar og så mange karrieristar.

Opportunistar

– **Hanna Kvanmo var jo der?**

– Henne har eg alltid sett på som den største opportunisten i det partiet – for ikkje å seia den største populisten. Ho var flink til å tala slik folk lika å høyra. Ho var svært tilpassa, og dei kvikke replikkane hennar tykkjer eg ikkje det var botn i. Eg hadde meir respekt for lokalpolitikarane til SV i heimkommunen min.

– **Bør det skrivast fleire politiske romarar?**

– Det er forfattaren som bør vera politisk, ikkje litteraturen. Det er for mange konkurransar om den beste kvinneveromanen, homseromanen, kjærleiksromanen osv. Det fortel berre at lesinga har vorte for sjangerfiksert. Folk skal vita kva boka inneheld før dei les, men då misser ein opplevinga av det uventa, som er ein viktig del av lesegleda.

Kinck og Martinsson

– **Har du ein favorittforfattar?**

– Kinck og dikta til Harry Martinsson.

– **Bør ein setja om dikt frå svensk?**

– Eg har lagt det frå meg dei gongene eg har prøvt meg på det. Vi syng Fröding på svensk og les fint Karin Boye på originalspråket. Eg tykkjer det er fælt å høyra Taube på norsk. Det er ei stor vinning at ein kan lesa grannelandslitteraturen i original.

– **Er profilgenerasjonen overekspont?**

– Nemninga er brukt som om det var noko eintydig og forklarande. Det er det jo ikkje. Det var ein gjeng levedyktige og slitesterke aktørar som vart forfattarar på heiltid og som ikkje søkte posisjonar, men berre vart sjefar over seg sjølve.

Forlengjer dødskampen

– **Kva seier du til alt snakket om at nynorsk er eit så vakkert og klangfullt språk?**

– Eg har aldri lika det. Difor gjekk eg òg over til å nytta e-infinitiv og har ikkje brukt desse såkalla vakre orda. Eg skriv *fint* i staden for *fagert*. *Lys* i staden for *ljøs*. Eg skriv ikkje høgnorsk, men lågnorsk. Det hadde ikkje vore nokon høgnorsk utan lågnorsken. Og høgnorsken legitimerer ein lågnorsk.

– **Er ikkje *ljøs* eit kraftfullt ord?**

– Jau, det er det, men eg har ikkje vilja bruka dei orda som stort sett berre finst i litteraturen. Eg synest *ljøs* er ei daud ordform som berre høyrer heime i tidlegare litterære epokar. Eg trur ikkje ein kan ta opp att og relansera gamle ord og former, men det er relativt få bokmålsnære ord eg bruker.

– **Har *skule* òg tapt for *skole*?**

– Det ligg på grensa. Eg vart i ein periode tvinga til å skriva *skole* av Samlaget, men no skriv eg *skule*. *Høvisk* i staden for *høfleg* er eit betre døme på eit ord som har tapt. Men eg tykkjer at nynorsken viser styrke når han tek opp nye ord.

– Eg snobbar bortover. Eg skriv talemålsnært, men eg vil gjerne skriva ordlisterett. Eg vert ofte utskjelt for at eg øydelegg nynorsken, men eg meiner eg heller forlengjer dødskampen.

Ingen ironikar

– **Er du ein ironikar?**

– Eit av dei få fyndorda eg har stått bak, er at all ironi er mislukka. Eg søker ikkje ironi. Tvert imot. Når eg likevel skriv ironisk, er det situasjonen og stoffet som finn meg.

– **Freistar du å vera morosam?**

– Vel, kva er morosamt? Det er morosamt å lesa ein god tekst. Eg tykkjer Dag Østerberg er morosam. Eg vert oppliva av å lesa han. Takk og pris for at det finst folk som han som kan så mykje og snakkar så klårt og tydeleg. Eg fortel ikkje vitsar. Snarare motsett. Eg vil heller tyna slike folk enn å vera ein av dei. Kjøkemesterhumor er ein god grunn til ikkje å gå i bryllaup.

Nok bøker

– **Er det for lett å gje ut skjønnlitteratur i dag?**

– I mange tilfelle kan det sjå slik ut, òg for meg sjølv. Det er ein høg spillprosent. Det er mange bøker som

kastar lite av seg. Éin ting er at dei sel dårleg, men det vert ikkje noko av forfatarane som skriv dei, heller.

– **Har du sleppt gjennom for mange bøker som konsulent for Samlaget?**

– Det er mange bøker eg trur eg hadde stogga om det var mitt eige forlag. Det er tvitydig når ein har med nynorsken å gjera. Ein vil gjerne at det skal verta noko av dei som prøver seg, samstundes bør kvaliteten vera ekstra høg når det er så få bøker som kjem på nynorsk.

– **Gyldendal, som gjev deg prisen, gjev knapt ut bøker på nynorsk?**

– Det er leitt. Heile Forlags-Noreg har eit ansvar for dette.

– **Les du litteraturteori?**

– Eg har gjort det til no, men ikkje for å verta teoretikar. Den faglege sjargongen er for dei innvigde.

– **Litteraturvitarar vert kritiserte for ikkje å lesa Ragde?**

– Dei les ikkje Arvid Torgeir Lie heller. Eller Claes Gill. Jamvel om ein har lese mykje, er det alltid mykje ein ikkje har lese. Det er utidig å peika ut kva ein skal lesa eller ikkje. Det viktigaste er korleis dei plasserer si eiga lesing og om dei har eit sosiologisk auga på eigen profesjon – altså kva dei seier og skriv etter at dei har gjort unna lesinga si.

EINAR ØKLAND

- Tildelt Gyldendalprisen 2006
- Fødd 1940, bur i Sunnhordland
- Psykolog, forfatar, kritikar, essayist
- Debuterte i 1963 med diktsamlinga *Ein gul dag*